

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/4840-1

Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - ny handelsføresegn

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 14. juni.

Vedlegg:

Utkast til handelsføresegn.

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i møte den 09.05.2019 (FU-sak 37/2019) å legge utkast til regional handelsføresegn ut på offentlig ettersyn.

Mål for arbeidet med ny handelsføresegn er mellom anna å styrka tettstadane våre, ikkje vera til hinder for utvikling, å redusera byspreiing og bilbruk. Vidare er det eit mål å forenkle handsaminga for kommunane, gi grunnlag for lik praktisering, mindre rom for skjønn, og eit meir føreseieleg regelverk for utbyggjarane.

Føresegna legg til rette for nytt bruksareal for handel i fylkessenter, regionsenter, senter i BAS-område, kommunesenter og lokalsenter (bygder). Dette gjeld nytt bruksareal og utvida bruksareal knytt til eksisterande bygningar for handel.

Ny handelsføresegn har ikkje arealrestriksjon for handelsetablering innafør sentrumsavgrensinga i alle regionsenter og BAS-senter. Kommunesenter kan etablera ny detaljhandel med inntil 2000 m² bruksareal (BRA) utover eksisterande handel, innafør sentrumsavgrensinga. Lokalsenter (bygder) kan etablera ny handel med inntil 1000m² BRA utover eksisterande handel, der minst 80% av varene og omsetnaden skal vera daglegvarer.

Handelsføresegna består av tre kapittel:

- Føresegnene som er juridisk bindande, jf. Plan- og bygningslova §8-5: regional planføresegn
- Retningslinjene som er førande
- Definisjonar som forklarar omgrep som er brukt

Høyringsfristen er 31. juli 2019.